

Visitasrapport Slidre sokn

Gudstjenester og kirkelige handlinger

Om Gudstenestelivet i 2024, frå årsrapporten .

Det har vore i alt 29 gudstjenester i Slidre sokn dette året.

Av desse er:

- Ei konfirmasjonsgudstjeneste som var laurdag 25.mai i Slidredomen. Det var 9 som vart konfirmerte
- andakter/Gudstjenester på Sjukeheimen
- Gudstjenester i Slidreøya
- Ei Gudstjeneste på Mo kyrkjeruin
- Det har vore 10 dåpsgudstjenester i Slidre sokn, tre av desse bur i vårt sokn.
- Det har vore 3 innmeldingar og 4 utmeldingar i Slidre sokn, innmelding utanom dåp er ingen i 2024
- I tillegg har det vore 1 vigsel og 9 gravferder.

Messer i Slidre sokn i 2024

Det har vore eit variert tilbod av messer i Slidre sokn i 2024.

Slidredomen vert nytta som kyrkje for fleire felles messer for sokna i Vestre Slidre i løpet av eit år, og egnar seg godt til dette. Av slike messer kan nemnast helgemesse-søndag, høgtidsmesser på 1. dagane og presentasjon av konfirmantar. I 2024, vart det og avhalde kveldsmesser og det er halde messer på Slidreøya fengsel, Mo kyrkjeruin og på sjukeheimen.

Svært mange søker til messer knytt til høgtidsdagar og eit stort fleirtal kjem med borna til dåp. Målet er at me stadig skal verta betre på eit rikt utval av messer, samstundes som høgmesse søndag kl. 11 er kjernen i arbeidet. Det var eit tilbod om messe og middag ein kvardag i november, men det vart ikkje gjennomført då det ikkje meldte seg interesserte til dette.

I tillegg til messene, kan det nemnast at det har vore salmekveldar med kveldsmat og babysong på dagtid i kyrkjestogo. Denne vert og nytta til konfirmantundervisning, og er viktig i heilskapen i arbeidet i Slidre.

Samarbeidet med soknerådet i Slidre, er godt og rådet er gode på å komme med innspel på kva som kan leggjast til rette for i kyrkja slik at fleire kjenner seg heime og nyttar dei tilboda som finnes.

Omsorg og solidaritet

Slidre sokneråd har ansvaret for hoved kyrkja i Vestre Slidre samt ein kyrkjeruin som vi er stolte av. Det legges mye arbeid i å ha det ryddig og pent på områda rundt kyrkja og kyrkjeruinen. Vi meiner det ligg mykje omsorg i at Slidredomen er mykje open og at kyrkjeruinen skal vera tilgjengelig for alle. Slidredomen er ei godt besøkt kyrkje både i kyrkjelege sammenhengar og konsertar, samt open kyrkje på sommeren der to frå pensjonistlaget har omvisning fleire dagar i veka. Vi setter pris på alle som ønskjer å bruke kyrkja og vi ønskjer at alle skal kjenne på at dei er velkomne og trygghet når de besøker kyrkja vår. Det er viktig for oss at alle skal oppleve kyrkja som inkluderande og ein god plass å komme inn. Vi arrangerer ein felles dugnad på våren og når mange deltar på dugnad på kyrkjegarden blir det ikkje berre gjort ein viktig jobb, det skapes og eit møtepunkt der ein kan vera saman, bidra til fellesskapet og påvirke korleis kyrkja og området rundt skal vere. Ei velstelst kyrkje og kyrkjegard betyr mykje for mange. Det serveres suppe, kringle og kaffe i den nye kyrkjestogo med sosialt samvær etter dugnaden.

Vår- og haustplanting på i alt 9 legatgraver. Stell og vatning med god hjelp av pensjonistlaget og historielaget i fellesferien.

Open kyrkje/guiding ved pensjonistlaget. Inntekter frå sal av kort, dvd og bøker til soknerådet.

Barn og unge

Trosopplæring: Vi har mangla trosopplærarar dette året, men konfirmantundervisning har foregått i kyrkjestogo og Slidredomen.

Hendingar og aktivitetar som involverer ungdom

Fasteaksjonen 2024 “Håp i en dråpe vann”, vart avvikla 17.mars. Med konfirmantane som bøsseberarar og representantar frå soknerådet som administrerte og tok imot bøssene. Det innsamla beløpet går i si heilheit til Kirkens Nødhjelp. I Slidre var det 9 konfirmantar som gikk med bøssene og det er eit stort område å gå over.

Kyrkja i lokalsamfunnet

Kyrkjestogo

Kyrkjestogo er i drift no, og det er laga retningsliner for utleige. Det kostar 1000kr å leige.

Vi har leigd ut til minnesamvær ein gong dette året.

Andre aktivitetar har vore:

- Babysong
- Salmesong med kveldsmat
- I tillegg held vi soknerådsmøtene og konfirmantundervisninga her.
- Den blir også brukt til andre møter.

Pilgrims vandrarane

Tradisjonen tru kjem Pilgrims vandrarane til Slidre 4.Juli. I år var det ca.20 som deltok.

Dei fekk middag i kulturkafeen før dei gjekk til Gudsteneste. Kulturkafeen er svært godt egna til dette formålet.

Etterpå fekk dei kyrkjekaffi og det er mange som også kjem på både messa og kyrkjekaffi utanom pilgrimane.

Denne gongen overnatta dei i Prestegarden, og kom tilbake til kulturkafeen kl. 7 til frukost.

Dei gjekk vidare kl.8

Vi fekk mykje skryt for oppdekking og servering. Godt organisert og gjennomført. Noko som er hyggeleg å få tilbakemelding på då dette er mykje arbeid og ei stor oppgåve å gjennomføre.

Jubileum for gullkonfirmantar

I samarbeid med Røn sokneråd vart det 25. august arrangert jubileum for gullkonfirmantane, dvs. 50-årsjubileum. Det kom 16 personar. Det byrja med jubileumsgudsteneste i Slidredomen, der gullkonfirmantane gjekk i prosesjon inn i kyrkja og deltok under gudstenesta. Etterpå var det mat og kaffi i Kulturkafeen. Dei frammøtte sette pris på denne tilstellinga, og få møte att gamle klassevenner dei ikkje hadde sett på lenge. Det er viktig at det blir ei høgtideleg markering i gudstenesta.

Konsertar i Slidredomen

Vi har hatt 7 konsertar/førestillingar i Slidredomen dette året.

I mai var det Caledonia Jazzband med kor.

Sostinuto en kvartett som blant anna Frida Rogn (frå Vestre Slidre)spelar i lag med.

Early Voices 30. Mars.

Kirkerottene eit dokketeater / førestilling for barn.

Adventskonsert med Vestre Slidre songlag og Røn musikklag.

Og to konserter i desember, Jul med Valdresmål og meining.

Vi i soknerådet set pris på at kyrkjerommet også kan brukast til slike formål for å samle folk og saman skape gode opplevingar.

Medarbeiderskap og organisering

Slidre sokneråd arbeider godt i lag og vi likar å møtast for å bidra med soknerådsarbeid. Vi har møter ei gong i månaden og det er ofte mange saker å ta stilling til. Vi har eit årshjul som vi følgjer gjennom året. Når ting skal organiserast blir det laga gode planar slik at vi utfører oppgåvene på ein god måte. Vi har og ei gruppe på nett der vi kan nå kvarandre raskt om det er noko vi som sokneråd må ta stilling til utanom møta våre.

Oversikt over menighetens planer og utvalg

Årshjul 2025 Slidre sokneråd (sist endra 18.2.25)

		Kyrkjekont	Soknerådet	Felles oppg.	Merknad
Januar / februar	Innkalling til fellesmøte	x			
	Innkalling til møte for Slidre sokneråd		x		
	Fellesmøte: Møteleiing, sekretærfunksjon, traktering fellesmøte			x	Sokneråda sender inn saker
	Gudstenestekunngjering i avisa og evt. andre kanalar	x			
Februar	Bestemme dato for årsmøte og planlegge dette - årsmelding; skrivar og leiar - Rekneskap – kasserarar		x		
Mars	Gjennomføre årsmøte - kyrkjekaffi		x		

	Sende ut invitasjonar til gullkonfirmantar (50-årskonf)			x	
April	Fasteaksjon, i samarbeid med konfirmantane og prest - sette opp liste over kva for rode konfirmantane har - hente materiell på kyrkjekontoret - sitje på kyrkjestogo og dele ut og samle inn att bøsser - telje pengar og sette dei inn på bankkonto	x	x		
Mai	Dugnad på kyrkjegarden 10.mai ? soknerådet organiserer, kyrkjekontoret sørgjer for at det kjem annonse i avisa Valdres Skifte sjølvvatningskasser	x	x		Soknepresten inviterer med konfirmantar m/ foreldre
Mai-Sept	Legatgraver – stell, plante, vatne- i samarbeid med pensjonistlaget		x		
Juni	Pilegrimsvandring: hjelpe til med servering av mat, kontakt kyrkjekontoret – Tilbod om å reise på leir på Mesnali			x	
Juni-Juli	Vatne på legat-grave frå skuleslutt (sjå an veret) <i>Open kyrkje i juli? I samarbeid med Pensjonistlaget?</i>		x		
Juli	Gudsteneste på Mo kyrkjeruin	x	x		
August	Vatne på legat-graver tom skulestart, sjå an veret Arrangere samankomst for gullkonfirmantar etter jubileumsgudstenesta		x		
September	Hautplanting på legatgravene		x		
Nov/Des	Setje opp kyrkjevertar og offer ½ år framover. Presten har gudstenesteliste		x		
Faste oppgåver	Kyrkjevertar Kyrkjekaffi 2-3 gonger i året Vasking av dukar til kyrkja				

Gullkonfjubileum Siste året i kulturkafeen, vellykka og godt egna lokale

- innhente liste over gullkonfirmantane på kyrkjekontoret
- finne adresse til alle konfirmantane og sende ut invitasjon (eksempel ligg i soknerådspermen under februar møter), kan gjerne ta kontakt med ein av gullkonfirmantane, dei har ofte litt oversikt over dei som er død og har skifta namn
- Soknerådet tek i mot påmeldingar

- bestille mat majel og kringle
- førebu, servere og rydde etter bevertninga, avtale med presten kven som ynskjer velkomen
- evt. ta bilete og sende ut på e-post etter avtale med gull-konfirmantane

Soknerådet

Leiar	Edith Helle
Nestleiar	Toril Olvik
Kasserar	Trine Andersen
Styremedlem	Arne Kolbjørnshus
Styremedlem	Per Håvar Moe Nevland Sekretær
Marit Strømmen	

Råd og utval vi er representerte i :

Fellesrådet

Medlem Arne Kolbjørnshus
 Medlem Toril Olvik
 vara Per Håvar Moe Nevland

Administrasjonsutval	Toril Olvik
Gudstenesteutval	Trine Andersen
Trus og opplæringsutval	Edith Helle
Diakoniutval	Marit Strømmen